



ALLTID BEREDT

Referat frå styremøte i Ryvarden krets av NSF

Tid:	Onsdag 10. januar kl.19.30
Stad:	Digitalt på Zoom
Tilstades:	Marius Johannessen, Anna Tveit, Magnus M. Aronsen, Jakob Løve Rud, Harald-Andreas Hansen (vara med stemmerett)
Frå adm.:	Hildegunn L. Fjelland
Andre	
Forfall:	Øyvind Gulliksen, Kristian Eriksen (vara), Andrea Maud Mjønes (vara)
Referent:	Hildegunn L. Fjelland

Kretsleiar leia styremøte.

Saksliste

RK-sak 01/2024	Godkjenning av innkalling og saksliste
RK-sak 02/2024	Godkjenning av referat frå styremøte 11.desember 2023
RK-sak 03/2024	Rekneskap for 2023
RK-sak 04/2024	Budsjett for 2024
RK-sak 05/2024	Forslag frå valkomiteen
RK-sak 06/2024	Framdriftsplan og budsjett frå hyttevertane
RK-sak 07/2024	Oppgåvefordeling kretstinget
	Eventuelt

RK-sak 01/2024: Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkalling og saksliste kom ikkje ei veke på forhånd.

VEDTAK: Innkalling og saksliste vert godkjent med merknaden over.

RK-sak 02/2024: Godkjenning av referat frå styremøte 11. desember 2023

Ingen merknadar til referatet.

VEDTAK: Referatet frå styremøtet 11. desember 2023 vert godkjent.

RK-sak 03/2024: Rekneskap for 2023

Kretsleiar las opp kommentarane til rekneskapet for 2023.

Kretsstyret har ingen merknadar til rekneskapet for 2023.

VEDTAK: Rekneskap for 2023 vert godkjent.

RK-sak 04/2024: Budsjett for 2024

Forslag til budsjett for 2024 vert lagt fram for kretsstyret.

Kretsstyret har følgande merknadar/endingar:

- Auke post 4613 «roveraktivitetar» frå 2000kr til 8000kr
- Auke post 7351 «samlingar for kretsledere/styrer» frå 15 000kr til 25 000
- Endre post 6600 «reparasjon og vedlikehold bygninger» til 155 000kr. 150k til Hedleitun og 5000kr til Lier.

Nokre postar manglar i budsjettet for 2024 og må førast på:

- Manglar posten «festivalleir» både på inntekter og utgifter. Kretsstyret ynskjer å ha 25 000kr i inntekter og 25 000kr i utgifter.
- Manglar postane «speider-/roverforum» og «speidartinget». Kretsstyret ynskjer å setje av 40 000kr i utgifter på foruma og 40 000 i utgifter på speidartinget.
- Kretsstyret ynskjer å setje av 20 000kr til å gjennomføre ei verditakst på Lier.

VEDTAK: Budsjettet vert godkjent med endringane ovanfor.

RK-sak 05/2024: Forslag frå valkomiteen

Forslaga frå valkomiteen vart lagt fram for kretsstyret. Det manglar ein kandidat til valkomiteen, tre til roverforum, fire til speidarforum og fire til speidartinget.

Det er to roverar og tre speidarar frå 1.Leirvik speidargruppe som kan vere interessert i å reise på forum, men dette er ikkje bekrefta enda. Det er også ein speidar frå Førdespeidarane som er interessert i å reise på speidarforum, men som ikkje kan reise åleine. Dersom det vert bekrefta at desse kan/ynskjer å reise så kan det leggjast fram som benkeforslag på kretstinget.

Jakob Ares Løve Rud frå kretsstyret melder sjølv at han ynskjer å reise på roverforum og speidartinget.

VEDTAK: Forslaga frå valkomiteen vert godkjent slik dei vart lagt fram og i tillegg vert Jakob Ares Løve Rud ført på som kandidat til roverforum og speidartinget.

RK-sak 06/2024: Framdriftsplan og budsjett frå hyttevertane

Hyttevertane har lagt fram ein framdriftsplan og eit budsjett for 2024 for kretsstyret.

Framdriftsplan:

- Male hytta (dugnad)

- Hogge og lø ved (dugnad)
- Grasklipping, eventuelt kjøpe robotgrasklyppar (dugnad)
- Så plen (dugnad)
- Fikse golv under hytta (dugnad)
- Fikse/leggje nytt tak (innleigd arbeid, mogleg rive tak på dugnad)
- Utarbeide toalettløsning (innleigd arbeid)

Å fikse/legge nytt tak og utarbeide ei toalettløsning er større prosjekt som hyttevertane framleis jobbar med plan og prisestimat for. Dette er difor ikkje tatt inn i budsjettet. Dei har laga eit budsjett for det øvrige arbeidet. Sjå vedlegg.

Ut i frå det framlagte budsjettet føreslår kretsstyret å setje av 155 000kr til reparasjon og vedlikehald av bygningar i 2024. (150 000kr til Hedleitun og 5000kr til Lier)

Kretsstyret oppfordrar også til å søkje om midlar til innkjøp og reparasjonar/vedlikehald frå ulike aktørar i nærområdet.

VEDTAK: Kretsstyret tek framdriftsplanen og budsjettet frå hyttevertane til orientering, og føreslår å setje av 155 000kr til reparasjon og vedlikehald av bygningar i budsjettet for 2024.

RK-sak 07/2024: Oppgåvefordeling kretstinget

Marius: Årsmelding, Terminliste, opning og avslutning, utdeling av hedersteikn og saft.

Anna: Budsjett og rekneskap

Magnus: Orienteringssak om Lier? (Eventuelt Marius)

Hildegunn: Orienteringssak om komitear og verv

Hyttevertar: Orienteringssak om Hedleitun

Referantar: Hildegunn og kanskje Harald-Andreas?

VEDTAK: Kretsstyret tek oppgåvefordelinga til orientering.

Eventuelt

- Orienteringssaker kretsting

Kretsstyret legg inn ei orienteringssak til kretstinget. Her skal me gå gjennom diverse nyttig info frå kretsen og ha ei statusoppdatering om Hedleitun og Lier. Hildegunn går gjennom info frå kretsen og medlemmar frå leirplasskomiteen og hyttevertane fortel om Lier/Hedleitun.

- Emnekurs

Emnekurset vert på Skudnes. Det vert opplegg for speidarar og leiarar/roverar. Røde kors skal ha kurs i psykososial fyrstehjelp for roverar og leiarar. Det vert ulike aktivitetar for speidarane. Vertfall knutar og matlaging, mogleg fleire ting dersom mange påmeldte.

Hildegunn og Harald-Andreas snakkar saman og legg ut info på Facebooksida og på mail.

- Kretsens helg

Marius er i kontakt med Hordaland krins for å undersøkje moglegheita for at dei held kurs for oss.

- Dugnad på Hedleitun- merke?

Magnus undersøker moglegheitar for å lage eit merke for å delta på dugnad på Hedleitun.